



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
06.10.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2014/1309 472
Dykkar referanse

BKK Produksjon AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Rapport frå inspeksjon ved BKK Produksjon AS på Kollsnes 27. september 2016

Rapportnummer: 2016.028.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Therese Kronstad
Sissel Hauge Mykletun
Bjørn Stamnesfet

Frå Fylkesmannen i Hordaland
Anne Christine Knag
Ingrid Torsnes

Frå Gasnor:
Knut Roald Sæle

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Farleg avfall

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

BKK Produksjon AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **15. desember 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Med helsing

Anne Christine Knag
overingeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Øygarden kommune Ternholmvegen 2 5337 RONG

1. Informasjon om verksemda

Namn: BKK Produksjon AS, avd. Kokstad	Risikoklasse: 3
Besøks- og postadresse: Kokstadvegen 37, 5257 Kokstad	
E-post: firmapost@bkk.no	Telefon:
Kommune: Øygarden	Organisasjonsnr.: 974 737 531
Bransjenr. (NACE-kode): 35.111	Eigar (org.nr.): 876 944 642
Løyve sist oppdatert: 28.02.2007	Siste tilsyn: 04.09.2012

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og produktkontrolllova blir haldne. Inspeksjonen er ein del av vår tilsynsplan for 2016.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll
- Handtering av avfall/farleg avfall
- Handtering av kjemikalier
- Utsleppskontroll
- Utsleppsløyve

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 15. desember 2016 sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **15. desember 2016**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

BKK Produksjon AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for allmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- løyve av 19. desember 2003, sist endra 28. februar 2007

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Kommentar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift.

Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

På bakgrunn av risikovurderinga skal det utarbeidast ein handlingplan med risikoreduserande tiltak, med fristar for gjennomføring og ansvarleg for gjennomføring.

Rutinar

Verksemda må ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på forureiningsregelverket.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har etablert internkontroll, men han har manglar når det gjeld ytre miljø.

Risikovurdering

Verksemda har gjort ei risikovurdering i 2012. Risikovurderingar skal gjerast jamleg, t.d. når det skjer endringar i verksemda, i utleppsforhold og i regelverk eller ved skifte av utstyr og kjemikalier. Vi observerte bl.a. at det vart lagra kjemikaliedunkar utan oppsamlingsarrangement i røykgassrommet i rom med sluk, sjå bilde 1. Lagring av kjemikaliane er ikkje risikovurdert.

Rutinar

Verksemda har tatt i bruk avfallsdeklarering.no, men dette gjekk ikkje fram i rutinen for avfallshandtering.

Rutinen for avfallshandtering inkluderer også tømning av oljeutskiljaren. Her viser rutinen til kravet i utsleppsløyvet som seier at dreneringsvatnet skal ha ein pH mellom 6-9. Verksemda måler ikkje pH, så ein kan ikkje dokumentere om ein held kravet i løyvet.

Avvik 2: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall

Avvik frå: Avfallsforskrifta §§ 11-5

Kommentar til regelverket:

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Det var ikkje eigen konteinar for farleg avfall inne i røykgassrommet. Avfallet vart mellomlagra i felles konteinar. Vi såg bl.a. dunkar for oljeprodukt i konteinaren, sjå bilde 2. Det vart opplyst at avfallet vart sortert når det kom til Gasnors avfallsstasjon.

8. Andre forhold

Utsleppsløyve

Statens forureiningstilsyn (dagens Miljødirektorat) ga utsleppsløyve til anlegget i 2003, og løyvet vart endra i 2007 når den andre gassmotoren vart installert. Dette utsleppsløyvet er utdatert, og stemmer ikkje med dagens drift.

Fylkesmannen ber difor om at BKK Produksjon AS sender inn ny søknad om utsleppsløyve innan 1. august 2017. Forureiningsforskrifta § 36-2 definerer kva ein søknad skal innehalde. Verksemda kan òg bruke søknadsskjema for industriverksemdar som ligg på Fylkesmannens nettsider.

9. Bilde

Bilde tatt av Fylkesmannen på synfaring under tilsyn 27. september 2016.



Bilde 1: Kjemikalier lagra utan oppsamlingsarrangement i rom med sluk og avløp til oljeutskiljar



Bilde 2: Avfall vart blanda i felles dunk.